

Referat frå Årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden

Lensmannsløa 18. mars 2014 kl 19:00

Leiar Kjetil Skrettingland ønska velkommen til årsmøtet.

Det var 14 frammøtte.

Saksliste

1. Val av møteleiar

Kjetil Skrettingland vart valt til møteleiar

2. Val av referent

Anny Hagesæter vart valt til referent.

Aud Håland og Erik T. Skretting vart valt til å skriva under årsmøteprotokollen.

3. Årsmelding

Kjetil Skrettingland las opp årsmeldinga. Det var ingen kommentar og den vart einstemmig vedtatt.

4. Rekneskap

Årsmøtet godkjente rekneskapet.

5. Orientering frå komiteane

a. Byggkomiteen:

Det har vore litt etterarbeid dette året. Byggekomiteen ser seg no ferdig med rehabiliteringsarbeidet. Det er viktig å ha vedlikehald gjennom året for å halda standaren på ønska nivå.

b. Komite for innreiing og utsmykking:

Alt av møblar og utsmykking er innkjøpt og montert, utan om eit skap på musikkrommet. Det vil sei: kontormøblar i Stadln, montering av gamle foto og oppslagstavler, skap i Løeståvå, stolar og bord på låven.

Kjøleskapet er skifta ut med kjølehjørna.

Lys – og lydutstyr er på plass i Løeståvå, også teleslynge. Er avventande med innkjøp av utstyr til Silo til ein ser bruken og behovet.

c. Dugnadskomiteen:

Planlegg ein årleg dugnad til vedlikehald, vasking av kjøkken, stolar o.l. Det bør vera om sommaren når det er liten/ingen aktivitet i løa.

Vedlikehald gjennom året: kalking av vegger o.l. Styret utarbeider prosedyrer for gjennomføring av dette arbeidet.

d. Arrangementkomiteen:

Vennelaget arrangerer eigne kveldar og er medarrangør saman med andre.

Målet er å kunna tilby eit variert program . Det har vore godt oppmøte på arrangementa.

6. Orientering frå aktivitetsleiar/fritidspedagog

Monica Cecilie Herredsvela var forhindra til å koma på årsmøtet. Styret orienterte om arbeidet, aktivitetane og oppmøtet. Det er eit variert program og stor aktivitet.

7. Arbeidsprogram for kommande styreperiode

Kjetil Skrettingland las opp Arbeidsprogram for 2014.

6. Medlemskontingent

Ingen medlemskontigent.

7. Budsjett

Det er ikkje utarbeida noko budsjett.

8. Innkomne forslag

Ingen innkomne forslag til årsmøtet.

9. Val av styre

Desse vart valt ved akklamasjon:

Kjetil Skrettingland, leiar	attval, 1 år
Ingunn Helen Reiestad	ny, 2 år
Erik T. Skretting	ny, 2 år
Solveig Aanestad	ikkje på val, 1 år
Geir Egil Rosland	ikkje på val, 1 år
Tor Selnes Olsen, varamedlem,	ny, 1 år

10. Val av revisor

Terje Bø vart valt ved akklamasjon.

11. Val av valnemnd

Tone Elin Berge, nyvalt, går inn for Tor Selnes Olsen for 2 år

Kari Nord-Varhaug, 1 år igjen

Hans Vigleik Jakobsen, nyvalt 3 år

12. Eventuelt

Ingen saker

Anny Hagesæter
Anny Hagesæter referent

Aud Håland
Aud Håland på vegne av årsmøtet

Erik T. Skretting
Erik T. Skretting på vegne av årsmøtet